



Frode Leganger

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/2457 - 15/16927

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

11.09.2015

Tilbakemelding på førespurnad - bygging på eigedom 22/82 mm.

Me viser til din e-post av 10.09.2015.

Eigedommen din er omfatta av ny kommuneplan, og ligg som del av framtidig bustadområde B8.

Det er jf. føresegnene til kommuneplanen pkt. 1.2.1, krav om å utarbeide reguleringsplan for areal sett av til framtidig bygg og anlegg. Dette før søknadspliktige tiltak kan tillatast.

Eit av viktige tema ein reguleringsplan skal omfatte er infrastruktur, som omfattar m.a. tilkomst, vatn og avlaup til byggjeområda. Men like viktig er det å ta stilling til kva type utbygging ein skal ha, storleik, tettleik, areal for uteopphold mm. Det er viktig at det ved utvikling av byggjeområder vert lagt til rette for langsigkt løysingar, og at konsekvensar for miljø og samfunn vert vurdert.

Eventuell deling av eigedommen i fleire bustadomter vil difor medføre krav om reguleringsplan. Når det gjeld framtidig utnytting av tomt, maksimal % BYA, så vil dette vere avhengig av kva type utbygging som vert regulert.

De har likevel høve til å søkje om dispensasjon eller midlertidig dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, jf. Plan og bygningslova (pbl) kapittel 19. Det er då viktig at de grunngjev søknaden godt, og at de nabovarslar søknaden slik at alle naboor som har interesse i saka vert varsle.

Dette er etter vår vurdering mest aktuelt dersom det er snakk om å erstatte eksisterande hytte med nytt hus eller hytte.

Me kan ikkje seie noko om utfallet ved slik søknad, og ein lyt ha ei heilskapleg og samla vurdering av området. Me minner elles om at det er gebyr på slike saker, jf. gebyrregulativet vårt pkt. 9.1.4, sjå vedlegg.

Ta kontakt ved vidare spørsmål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen

Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyr 2015 plan byggesak oppmåling mm

Mottakere:
Frode Leganger